



# DEN NORSKE KYRKJA

Ulstein sokneråd - Ulstein kyrkjelege fellesråd

## Møteprotokoll for Ulstein sokneråd - Ulstein kyrkjelege fellesråd

**Tid:** 29.03.2023 kl. 19:00

**Stad:** Kyrjekontoret

### Frammøtte:

Odd Arne Vikebakk	Leiar
Annelise Kleven Godø	Nestleiar
Cecilie Frantsen Skeide	Medlem
Karianne Sveen Orvik	Medlem
Karete Malen Nettet Melø	Medlem
Margit Lovise Holte	geistleg representant
Hildegunn Karin Fiskerstrand	5. vara
Christfried Kaul	sekretær

### Forfall:

Bodil Muren Voldsund	Medlem
Lidbjørn Vattøy	Medlem
Hannelore Måseide	Medlem
Knut Erik Engh	kommunal representant
André Sæter	1. vara

### Saker handsama på møtet:

Saksnr	Uoff	Tittel	Sakshandsamar
S-2023/7		Kyrkjeval 2023 - handsaming av listeforslag til nominasjonskomiteen	002.31
S-2023/8		Gudstenesteplan for Ulstein sokn hausten 2023	311.0
S-2023/9		Årsmelding for Ulstein sokn 2022	046.0
S-2023/11		Lydanlegg i Ulstein kyrkje - rutiner og fornying	411.0

### Meldingar:

#### S004 Prostevisitas

Prost Ingeborg Matre ønskjer å delta i ei gudsteneste, møte staben og soknerådet som eit prostevisitas. Prosten ønskjer å bli kjent med kyrkjelyden, samtale med oss om arbeidet vårt. Handsaming av årsmeldinga i soknerådsmøtet gir oss eit godt utgangspunkt for å samtale kring arbeidet vi gjer i Ulstein.

### **S005 Vippskollekt - med høve til skattefrådrag**

Det er inngått avtale med Solidus om innrapportering av gåver og kollekt til skattemyndighetene for at gjevarene kan få skattefritak ikkje berre ved gjevarteneste, men også ved kollekt i gudsteneste. Gjevaren samtykker i dette ved vippsing av kollekt.

### **S006 Markering 40 år Møre bispedøme**

*Vedlegg: Brev frå biskopen i Møre*

Brevet orienterer om programmet Møre bispedøme legg opp til og kjem med ei oppfordring om å feire med open kyrkje. Her vil soknerådet på møtet i mai drøfte sin deltaking i jubileet

### **S007 Samrådsmøte**

I samband med ny organisering av Dnk inviterer Møre bispedømeråd til digitale samrådsmøte 12.april og 5. Juni. Kyrkjerådet har eit møte mellom desse to digitale samrådsmøtene. soknerådsleiarane og fellesrådsleiarane er inviterte.

### **S008 Tenesteoppstart Mirjam Håland Igland etter permisjon**

Kapellan Mirjam Håland Igland kjem tilbake etter fødselspermisjon i midten av mai, men skal framleis ha noko permisjon i 2023:

28.08.23-22.09.23 100%

25.09.23-05.12.23 50%

I tillegg skal ho avvikle ferie i sommer også.

Hareid og Ulstein sokn får Hanne-Elise Grønmyr som sommarvikar frå 19.06. - 06.08. 2023

### **F009 Investeringstiltak Ulstein nye kyrkje**

Ulstein sokn sender inn eit oppdatert investeringstiltak om bygging av Ulstein nye kyrkje til Ulstein kommune.

### **F010 Handsaming av årsrekneskapen**

Årsrekneskapen for 2022 ligg ikkje føre for Ulstein sokneråd / Ulsteiein kyrkjelege fellesråd per 29.03.

Følgjande framgangsmåte ser soknerådet for seg for å kunne presentere ei årsmelding med nøkkeltal frå årsrekneskapen på soknet sitt årsmøte 16. april:

1. Dersom rekneskapen kjem innan 03.04. vil økonomiutvalet lese seg opp på rekneskapen og førebu ei sakshandsaming for Ulstein kyrkjelege fellesråd.
2. Rekneskapen med noter og handsamingsforslag frå økonomiutval blir sendt til medlemene i Ulstein kyrkjeleg fellesråd snarast råd
3. Leiaren i Ulstein kyrkjeleg fellesråd kallar inn til eit digitalt møte for handsaming av rekneskapen mellom 11. og 14.04.
4. Rekneskapen kan presenterast på Ulstein sokn sitt årsmøte 16. april

Ulsteinvik, 29.03.2023

---

## S-SAK 2023/7 Kyrkjeval 2023 - handsaming av listeforslag til nominasjonskomiteen

### UTGREIING

#### Vedlegg:

*Valghandbok 1-2023*

*[https://ressursbanken.kirken.no/globalassets/ressursbanken/kirkevalg/valghandboken/valghandbok%201\\_2023.pdf](https://ressursbanken.kirken.no/globalassets/ressursbanken/kirkevalg/valghandboken/valghandbok%201_2023.pdf) (relevant for saken: sidene 35-39)*

*Forskrift om regler for valg av menighetsråd og leke medlemmer til bispedømmeråd*

*<https://lovdata.no/dokument/SF/forskrift/2022-09-26-1697> (relevant for saken § 6 og 7)*

*Nominasjonskomiteens liste for Ulstein sokneråd 2023 - 2027*

Nominasjonskomiteen for soknerådsvalet 2023 skal legg fram ei prioritert kandidatliste for Ulstein sokneråd 2023 - 2027 med frist 31.03. kl. 12:00., signert av 10 forslagsstillarar. Signert liste vil bli lagt fram for valstyret til handsaming i SR- møte 29.03.

Listen skal godkjennast innan 30.04.2023. Det er ikkje avtalt nytt møte i Ulstein sokneråd mellom 29.03. og 10.05.

### FRAMLEGG TIL VEDTAK

Saka blei lagt fram utan framlegg til vedtak

### HANDSAMING

Ulstein sokneråd som også er valstyret for soknerådsvalet i Ulstein 2023 har motteke kandidatliste frå nominasjonskomiteen, signert av 10 forslagsstillarar.

Det er ei liste med gode kandidatar som representerer bredden av kyrkjelyden på ein god måte. Sjølv om det ikkje er heilt kjønnsbalanse og ingen under 30 år, er barne- og ungdomsarbeid godt representert.

For å sikre god valdeltaking er det viktig å drive godt informasjonsarbeid om muligheita til å røyste digitalt for første gong.

### VEDTAK

Valstyret for soknerådsvalet 2023 i Ulstein godkjenner nominasjonskomiteen si liste slik den ligg føre

## **S-SAK 2023/8 Gudstenesteplan for Ulstein sokn hausten 2023**

### **UTGREIING**

#### **Vedlegg:**

*Forslag til gudstenesteliste*

Gudstenesteutval har drøfta gudstenesteplan for haustsemesteret 2023 og legg den frem til handsaming i Ulstein sokneråd.

### **FRAMLEGG TIL VEDTAK**

Saka blir lagt fram utan framlegg til vedtak

### **HANDSAMING**

Det blei lagt fram ei litt meir oppdatert gudstenesteliste enn den som vart sendt ut.

- NMS- gudsteneste 17.09. skal vere ei familiegudsteneste
- Etter ønskje frå Ulstein KFUK-KFUM skal semesteropningsgudsteneste vere 20.08
- Det er mulig å vurdere ein lekmannsgudsteneste i samarbeid mellom søndagsskulen og speidarane på konfirmasjonssøndagen
- DRYPP ungdomsgudstenestene skal leggjast inn etter kvart

### **VEDTAK**

Soknerådet godkjenner gudstenestelista eraka blir lagt fram med følgjande endringar:

- NMS- gudsteneste 17.09. skal vere ei familiegudsteneste
- Etter ønskje frå Ulstein KFUK-KFUM skal semesteropningsgudsteneste vere 20.08.
- Det er mulig å vurdere ein lekmannsgudsteneste i samarbeid mellom søndagsskulen og speidarane på konfirmasjonssøndagen
- DRYPP ungdomsgudstenestene skal leggjast inn etter kvart

---

## S-SAK 2023/9 Årsmelding for Ulstein sokn 2022

### UTGREIING

#### Vedlegg:

*Årsmelding (er ikkje ferdigstilt ved utsending, men blir ettersendt)*

I år 2022 fekk vi avvikle restriksjonane for samankomster etter eit tid prega av koronapandemien. Det er gledeleg å sjå gjennom årsmeldinga at kyrkjelydslivet er tilbake til eit aktivitetsnivå og oppmøte vi kjenner til frå årene før Korona. Nye type aktiviteter har komet inn i kyrkjelydens arbeid og kyrkjelyden har blitt ein viktig møteplass for manghe av flyktningane som har kome til Ulstein kommune.

### FRAMLEGG TIL VEDTAK

Ulstein kyrkjelege fellestråd vedtek årsmeldinga 2022

### HANDSAMING

I og med at reknskapen ikkje ligg føre og kommunal representant ikkje var med på møtet er årsmeldinga ei rein soknerådssak.

Det er flott med solskinnshistorier, arbeid blant flyktningane kan trekkes enda meir frem.

Statistikk- delen og informasjonskapittel om sokneråd og stab kan flyttast lenger bak.

Misjonsarbeidet må få sin plass i årsmeldinga

Kapittel om økonomi må skrivast etter at reknskapen ligg føre

Kapittel om kyrkjemusikk treng å bli oppdatert

Soknerådet drøfta også presentasjon / publisering av årsmeldinga:

- på nett (pdf)
- på sosiale media (enkelte klipp frå årsmeldinga)
- på trykk til kommunestyret, leiarane, støttespelarar
- som orientering i kommunestyret
- På årsmøtet: essensen av meldinga

### VEDTAK

Ulstein kyrkjelege fellestråd vedtek årsmeldinga 2022 og ber redaksjonen om å ta med justeringane som kom fram i sakshandsaminga.

---

## S-SAK 2023/11 Lydanlegg i Ulstein kyrkje - rutiner og fornying

### UTGREIING

Opplivinga av lydbilde i gudstenester med kor og band er ikkje tilfredsstillande og bør betrast. Det er viktig å gi musikkraftene den tryggleiken dei treng for å kunne leie an i song og musikk. Gudstenestyedeltakarane skal ha høve til å oppleve musikken og delta i salmesong på ein inviterande og naturleg måte.

Det er fleire årsaker til at opplivinga ikkje alltid er etter intensjoinen når det er ein større rigg med fleire solister, korister og musikarar:

- enkelte komponenter av lydutstyret har blitt slitt og kan dermed vere ei kilde til feil og ulyder. Desse bør reparerast og skiftast ut. Også merking av utstyr, ei oppfrisking av grunninnstillingar og funksjonane på miksepulten vil skape eit betre lydbilde. Ulstein sokn har eit fond for fornying av lydanlegget for å kunne finansiere naudsynt vedlikehald.
- å instille eit godt lydbilde med mange aktører og særskilt barn og unge krev at den som har ansvar for lyd kan vere fullt tilstede for kun denne oppgåva, har høve til å øve og kommunisere godt med musikkarane for å finne fram den lyden som er ønska. Når kyrkjetenar med mange andre oppgåver før og under ei gudsteneste også treng å vere lydteknikker med fullt fokus på det, kan det bli ei for stor fylde av oppgåver som gir ein utrygg arbeidssituasjon. Å finne, lære opp og bruke nokre lydteknikkarar for desse gudstnestene kunne vere ei mogleg løysing
- Ei stor utfordring er at kyrkjetenaren må vere i klokkeårnet for ringing / slåing med klokkene rett før eller etter Pre- og postludium. Dermed står miksepulten i desse situasjonane ubetjent og det er svært lite gunstig. Her ville eit automatisk ringeanlegg, der ein kan betene klokkene frå kirkeromet vere ei stor avlasting.

### FRAMLEGG TIL VEDTAK

Saka blir lagt fram utan framlegg til vedtak

### HANDSAMING

Kyrkjeverjen blir bedt om å undersøkje om arbeidet med automatisk ringeanlegg kan delast opp slik at den delen som legg til rette for betening av kyrkjeklokkene for bønslag kan styrast frå kyrkjerommet, blir tatt separat.

Forslag om å engasjere ein fagperson med serviceansvar for miksepulten (forslag: Andreas Halle)  
Bestilling:

- sjekke, reparere, erstatte komponenter med feilfunksjon
- Lage ulike instillingar for ulik bruk, som er enkel og sikker å bruke også av folk som ikkje bruker anlegget regelmessig og ein kan falle tilbake til dersom noko blir feil
- lage ein enkel manual og gi opplæring til kyrkjetenarar og andre som bruker anlegget meir regelmessig

Vi bør starte eit langsiktig arbeid med å finne eit korps av lydteknikkar som kan styre lyden på gudsteneste / arrangement som har litt meir krevjande rigg med band, mange solister, kor, osv.

### VEDTAK

Ulstein sokneråd ber kyrkjeverjen å undersøkje om automatisk anlegg til bønslag kan løysast ut av oppdraget frå det store oppdraget om å fornye klokker, tårnur og automatisering av klokkeanlegget

Ulstein sokneråd ber om at kyrkjeverjen gjer avtale om service og opplæring for lydanlegg med ein lydteknikkar i kyrkjelyden.

Ulstein sokneråd jobbar med å finne eit frivillig korps av lydteknikkarar for styring av lyd ved gudstenester med litt meir krevjande lydrikk.